

# Møtereferat måndag 12.08.19 Kl:0900

**Møtedeltakarar:** Signhild Dyrkolbotn, Ina Wergeland (innkjøp), Rune Kilen (avd. VEG), Kjetil Eikefett (avd. VEG) og Kjetil Spurkeland (Tenesteleiar drift og vedlikehald, Alver kommune)

**Tema:** Avklaringar rundt prosess anbodskonkurranse vinterdrift

## **Sak 1: Kort introduksjon**

Kort introduksjon av møtedeltakarar. Overordna presentasjon av arbeidet så langt og spesifikasjonar ved Rune Kilen.

## **Sak 2: Prosess og innhald anbodskonkurranse**

Teknisk/drift og vedlikehaldsavdelinga beklaga at det ikkje blei sendt ut informasjon/varsling når anbudet vart lagt ut. Dette er også sendt og beklaga i ein skriftleg e-post sendt 05.08.19 kl. 15:12. «Informasjon om kunngjering på Doffin»

Det vart informert om korleis kommunane (Lindås, Meland og Radøy) har jobba med dette anbodsgrunnlaget.

Ina Wergeland (innkjøp) gjorde kort gjennomgang på Merzell sine sider som viser oppbygginga av anbodsdokument og konkurranse.

Målet med konkurransen er å redusere utgiftene til vinterdrifta ved å gjere krava og rutineane for dei tre kommunane meir samstemte.

Rune Kilen informerte vidare om bakgrunnen til klassifisering av vegane og kvifor.

Signhild Dyrkolbotn kommenterte at hennar oppfatning av dette var at det blir feil og kritikkverdig med detaljerte cm-krav for snøbrøyting og snevre kriterium for kor tid det skal strøast. Ho viste til viktigheita med lokal kunnskap og tilpassing i brøyteområda. Behova er ofte varierende lokalt og krev kjennskap og varierende tiltak for best mogeleg vinterdrift/god nok. Dette var kommunen einig i.

Kommunen informerte om at vi må ha noko å styre etter slik at dette ikkje blir feil både for dei som brøytar og publikum. Dette er også basert på samtalar med renovasjonsselskapa og busselskapa sine innspel.

Signhild Dyrkolbotn kom med innspel på at det ikkje berre rundt den tekniske dokumentasjonen var utfordringar og feil, men i heile innkjøpsprosessen og dokumentasjon. Innspela var at kommunen burde presisert kravspesifikasjonane slik at kommunen stiller seg fritt til å vurdere ulike utstyrløysingar. Dyrkolbotn hevda formuleringane i kravspesifikasjonane er motstridande, og ho har oppfatta det slik at utstyrskrava kanskje var meint som absolutte føresetnader for at pristilbod vert vurdert. Ho forstår at frontmontert plog og «tallerkenspreiar» er viktig tildelingskriterium i ytre strøk, der strøying utgjer ein stor brøkdel av vintervedlikehaldet. Dyrkolbotn meiner spesifikke utstyrskrav ikkje må stillast som eit absolutt vilkår i kravspesifikasjonane for at pristilbod skal bli vurdert. Ho peika på at kommunen må vere fri til å vurdere tilbod også med andre utstyrløysingar som kan gje rimelegare og betre vintervedlikehald, ut frå kommunen si konkrete vurdering i kvar

enkelt røde. Det er viktig at kommunen er tydeleg i anbudsdokumentasjon både med formuleringar og ordvala, presiserte Dyrkolbotn.

Dyrkolbotn hevda at kommunen si generelle rettleiingsplikt etter forvaltningsloven § 11 medfører at kommunen skulle hatt ein notis i dei mest leste avisene i Alver om at anbodsmateriellet var lagt ut, og kor det kan finnast att på internett. I tillegg bør kommunen tilby å levere ut anbudsgrunnlaget på papir til dei som ynskjer det, jamfør same paragraf. Kommunen viser til at kunngjeringsreglane etter innkjøpsregelverket er overhalde.

Det kom fram på møtet at Dyrkolbotn ikkje hadde fått fram sjølve konkurransegrunnlaget gjennom Mercell. Konkurransegrunnlaget vart overlevert Dyrkolbotn i papirkopi i møtet.

Kommunen stadfesta at ein ikkje har ønska å ekskludere nokon, men at ein har vore meir opptatt av å skapa rom og moglegheit for alle tilbydarar, både med forslag til utstyr og vinterdriftsplan.

Kommunen lovar å sjå på formuleringar og prøva og tydeleggjera dei betre oppimot tilbydarar til vinterdrift. Dette vil publiserast som eit eige notat i Mercell.

### **Oppsummering/oppfølging**

Evt. endringar i anskaffingsdokumenta basert på innspela frå Dyrkolbotn vil bli publisert i Mercell, med samtidig tilgang for alle interessentar.